



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

19.09.2025

Vår ref:

2022/15584

Dykkar dato:

08.08.2025

Dykkar ref:

202514643

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135
Tore Larsen, 5764 3126

Fråsegn - planendring - Offerdal kraftverk - straumtilknyting - Årdal

Planendringa er omfattande og vil endre lokaliseringar av både inntak, kraftstasjonar, tunnelpåhogg, deponiareal og sjøkabelanlegget. Flytting av kraftstasjonsavløpet bort frå Indre Offerdalselvi til eit kunstig utløp i fjorden, vil endre påverknaden på marint naturmiljø. Vi vurderer likevel ikkje endringane til å vere så omfattande i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka at det vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagt Sognefjorden marine verneområde. For deponiet på Åsete meiner vi avstanden til elva må aukast, og myr må ivaretakast i tråd med gjeldande krav. Vi legg til grunn at føreslåtte avbøtande tiltak blir følgde opp. Konsekvensutgreiinga er berre oppsummert i søknaden, og utan detaljgrunnlag som kan kontrollerast. Dette er ein svakheit som gjer det vanskeleg å vurdere søknaden.

Vi viser til høyring av planendringssøknader som gjeld Offerdal kraftverk, og nettilknytinga frå kraftstasjonen og fram til Naddvik koplingsstasjon.

Om planendringa

Planendringa går ut på

- å endre frå dykka inntak til tyrolarinntak i Ytre Offerdalselvi
- å endre påhogg og trasé for tilløpstunnel og trykkrøyr til Øvre Offerdal kraftverk
- å flytte stasjonsplassering for Øvre Offerdal kraftverk om lag 200 meter oppstraums
- å endre frå dykka inntak til tyrolarinntak, og å flytte inntaket frå kote 400 til kote 407 for Nedre Offerdal kraftverk
- å etablere svingesjakt ved Mastrahauggrov
- å flytte avløpet frå Nedre Offerdal kraftverk til eit overflateutløp rett i fjorden, 500 meter aust for utløpet av Indre Offerdalselvi
- å flytte utandørs transformatoranlegg ved påhogg kraftstasjon inn i fjell
- å flytte deponi frå Skogli til Åsete
- i Nedre Offerdal kraftstasjon: to generatorar med yting 11 kV og omsetning 2x21 MVA og nødvendige høgspenningsanlegg
- i transformatorstasjon i fjellhall i Nedre Offerdal: flytte transformator frå portalområde inn til kraftstasjonen, 132 kV jordingsspole og nødvendige høgspenningsanlegg
- ein ca. 6,7 km lang kraftoverføring frå transformatorstasjon i Indre Offerdal til Naddvik kraftstasjon med nominell spenning 132 kV, beståande av
- ca. 500 m kabel i avløpstunnelen til Nedre Offerdal kraftverk

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding


Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



- ein ca. 2,2 km lang sjøkabel frå transformatorstasjon i Indre Offerdal over Årdalsfjorden til Klovningane Cu.
- ein ca. 4 km lang jordkabel frå ilandføring av sjøkabel ved Klovningane og til Naddvik koplingsstasjon, lagt i grøft langs fv 53, og vidare frå fv 53 på vestsida av tilkøyringsvegen til Naddvik koplingsstasjon
- i transformatorstasjon i fjellhall i Indre Offerdal: eit 132 brytarfelt og nødvendige høgspenningsanlegg
- I Naddvik koblingsstasjon: eit utandørs 132 kV koplingsanlegg og nødvendige høgspenningsanlegg



Figur 1; kart frå søknaden: Venstre kart viser tiltaka for Offerdal kraftverk der planendringane det er søkt om er implementert. Kraftverksavløpet er flytta 500 meter lenger aust, og vil gå i overflateutløp rett i fjorden. Høgre kart viser nettilknyttinga; konsesjonsgitt trase (stipla sort linje) og planendringa det er søkt om (heiltrekt sort linje).

Vår vurdering

Planendringa er omfattande, og vil innebere ei ganske anna utbygging enn planane som fekk konsesjon i 2017. Det er endra lokaliseringar av inntak, kraftverksavløp, tunnelpåhogg, og deponiareal. Avløpet frå Nedre Offerdal kraftverk skulle komme ut i Indre Offerdalselva på kote 2, slik at vatnet dermed skulle få renne naturleg ut i fjorden, men skal no flyttast 500 meter lenger aust og gå i overflateutløp i fjorden.

Tiltakshavar meiner at den reviderte løysinga blir eit betre prosjekt teknisk og økonomisk, men òg for miljøet. Vi kan sjå at det kan vere fleire positive endringar for naturmiljøet, men det er òg manglar i KU og negative verknader som må vi må påpeike i saka.

Sognefjorden marine verneområde

Det er kommentert i planendringssøknaden for nettilknyttinga at Årdalsfjorden inngår i «Sognefjorden marine verneområde», som vart meldt oppstart av i 2022, og skal på høyring våren 2026, og at området dermed er omfatta av naturmangfaldlova § 44 (*tiltak ved igangsatt saksbehandling*). Dette er derimot ikkje nemnt i planendringa for kraftverka, sjølv om det er planlagt å flytte kraftverksavløpet 500 meter bort elveutløpet, i dykka utløp i fjorden.

Ifølgje § 44 kan løyve til inngrep i Sognefjorden berre gjevast dersom det er «uten nevneverdig betydning» for verneforslaget. Vasskraftproduksjon er ei viktig samfunnsinteresse, og etablering av vasskraftverk i nedbørsfeltet generelt, vil kunne tillatast etter ei individuell vurdering. Eit kraftverksutløp i fjorden vil derimot utgjere eit fysisk inngrep som kan endre straumtilhøve, og vil dermed i utgangspunktet kome i konflikt med det føreslåtte marine verneområdet.



Den konsesjonsgitte løysinga, med overføring av vatn frå Ytre Offerdalselva og kraftverksavløp på kote 2 i Indre Offerdalselva, blei vurdert av Havforskningsinstituttet (HI) i 2012 til ikkje å ha særleg innverknad på hydrografien eller det marine livet i Årdalsfjorden. Grunngivinga var at vassføringa i dei to elvane utgjer mindre enn ein prosent av ferskvasstilsiget til Sognefjorden, og (meir relevant) at saliniteten ved Offerdal uansett er påverka av andre ferskvasstilførsler frå eksempelvis Årdalsvassdraget.

HI si svært kortfatta vurdering av det klarerte prosjektet, tilseier at saliniteten ved elveutløpa ved Offerdal ikkje vil bli særleg påverka av planendringa, sidan ferskvassmengda vil vere dominert av vatn frå andre kjelder. Om ein vurderer konsekvensane lokalt, går ein derimot no frå to til tre punkt med endra ferskvasstilsig.

Planendringa vil redusere sjøkabelstrekninga i høve til det som er avklart i anleggskonsesjonen. Det er gjennomført ei kartlegging med undervassdrone (ROV) i år, der nye ilandføringsområde og enkeltdejar av sjøbotnen er filma. Kabelen skal leggjast gjennom eit område med den sårbare/trua naturtypen «sjøfjær og gravende megafauna». Konsekvensvurderinga i søknaden er at inngrepa vil bli avgrensa, sidan kabelen skal leggjast på botnen, og anleggseffekten vil vere lokal og kortvarig. Samla sett er det vurdert at «planendringene anses å være ubetydelige til noe positive sammenlignet opp mot forrige planendringssøknad og tilhørende konsesjon.»

I KU er det vist til høyringsfråsegna til HI i konsesjonshøyringa av den eksisterande traséen. Det blei den gongen ikkje gjennomført nokon kartlegging av marine naturtypar, slik det no er gjort for den nye traséen. Det må visast spesiell varsemd gjennom område med viktig naturmiljø. Vi legg til grunn at det blir stilt krav om bruk av ROV under kabellegginga, for å kunne gå utanom førekomstar av sårbare eller trua artar. Filmen frå undersøkinga bør stillast til rådvelde, både for evaluering av kabellegginga, og for å få ytterlegare kunnskap om artsmiljøet på fjordstrekninga.

Ut frå det sparsame kunnskapsgrunnlaget om det marine miljøet ved Offerdal, vil flyttinga av kraftverksavløpet og ny sjøkabeltrasé truleg ikkje føre til så omfattande endringar i høve til dei konsesjonsgitte tiltaka, at endringa vil føre til vesentleg auka konflikt med planlagt Sognefjorden marine verneområde.

Elvenatur og -landskap

Flytting av inntak og avløp for Nedre Offerdal kraftverk vil innebære at ytterlegare 230 meter elvestrekning blir bygd ut. I KU, som ser ut til å vere basert på ei enkel synfaring og innhenting av eksisterande data frå relevante databasar, er det vurdert at endringa vil vere av mindre betydning. Vi vil påpeike at redusert vassføring på ei såpass lang elvestrekning vil vere negativt for vasstilknytt flora og fauna, til dømes fugleartar som fossefall, strandsnipe og vintererle. I konsesjonen er det lagt til grunn at fastsett minstevassføring til ein viss grad skal avbøte skadane.

Kraftstasjon og inntak ved Skogli vil kome noko nærare busetnaden, men vil kome mindre i synslinja ut av dalføret mot fjorden. Det er positivt at inntakskonstruksjonen vil bli mindre omfattande enn den konsesjonsgitte løysinga; både betongbruken og magasinet vil bli redusert. Endringa vil føre til at det blir behov for ny bru over Indre Offerdalselvi og ein 100 meter lang mellombels anleggsveg. KU har vurdert landskapsverknaden av den samla utbygginga til å bli redusert frå «noe til middels negativ konsekvens» til «noe negativ konsekvens».

Vi vil elles peike på at det er behov for gode rutinar under arbeidet for å ta vare på kantvegetasjonen langs elva.



Terrestrisk natur; tunnelpåhogg og deponi

Det er søkt om å flytte det planlagde deponiet ved Skogli til Åsete. Deponiet vil bli på om lag 200 000 m³. Den totale kapasiteten ved Åsete er oppgitt til 400 000 m³, med utgangspunkt i ein buffer på 15 meter mot elva. Sjølv om det berre er planlagt å deponere halvparten så mye masse, er det vesentleg at avstanden mellom deponi og elv er tilstrekkeleg til å unngå påverknad frå steinstøv. Det er føreslått ein minsteavstand på 25 meter, men vår vurdering er at dette òg er i knappaste laget for eit deponi av denne storleiken, særleg i skrånande terreng. Avstanden mellom elv og deponi må aukast vesentleg, helst til 50 meter, for å unngå stor negativ påverknad på akvatisk naturmangfald og kantvegetasjonen langs elva.

I endringssøknaden står det elles at «*det vil pr. def. ikke bli påvirkninger på naturmangfold ved planområdet på Åsete*», basert på at det under kartlegginga ikkje blei registrert naturtypar etter miljødirektoratets instruks. Vi vil her peike på at det eine ikkje følgjer av det andre; det vil sjølvstøtt bli påverknader på naturmangfaldet når ein deponerer steinmassar, sjølv om det kanskje ikkje går ut over spesielt verdifullt naturmangfald slik det er definert i Miljødirektoratets instruks. Flyfoto av området frå 2024 tyder dessutan ganske klårt på at det er myr i sørvestleg del av deponiområdet.

Det er forbod mot nydyrking av myr dersom torvdjupet er større enn 30 cm.

Vi har ikkje merknader til planlagde tiltak i tilknytning til slåttemark ved Skogli, så lenge dei føreslegne avbøtande tiltaka blir følgde opp.

Ei konsekvensutgreiing er oppsummert i tabell 3-1 på side 34 i endringssøknaden. Sjølve konsekvensutgreiinga er ikkje oversendt, og den er heller ikkje vist til i nødvendig detalj i søknaden. Dette er ein vesentleg mangel. *Påverknad* er rett nok omtalt i generelle ordelag i endringssøknaden, men ikkje klassifisert etter systemet i M-1941. Når det gjeld *verdi* for dei ulike elementa innanfor kvart tema, er desse ikkje oppgitt i det heile. Det er dermed ikkje mogleg å vurdere *konsekvensane* av endringane ut over det som står i tabell 3-1, og det er da sjølvstøtt heller ikkje mogleg å kontrollere om vurderingane er gjort på rett måte. Dette er ein svakheit ved søknaden.

Som døme på konsekvensvurderingar vi finn grunn til å stille spørsmål ved, kan nemnast at både konsesjonsgitt plan og endra plan konkluderer med at deponering av 100 000 m³ stein i Årdalsfjorden vil ha «ingen til noe negativ konsekvens». Vi kan ikkje sjå at det er gjort reelle vurderingar av dette i det heile, da det ikkje ligg føre anna enn kortfatta og generelle tilbakemeldingar frå Havforskningsinstituttet frå 2012 og 2018, der deponeringa i fjorden ikkje er nemnt.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Årdal kommune
Vestland fylkeskommune

Statsråd Evensensveg 4
Postboks 7900

6885 ÅRDALSTANGEN
5020 BERGEN